

Holmedal montessoriskule

Årsmelding for 2011

Holmedal montessoriskule har vore i vanleg drift heile kalenderåret. Tilsette har vore: Rektor: Oddveig Lyngstad. Lærarar: Dagny Sagosen Haugsvær, Olga Ask, Ann Mari Søreide, Liesbeth Fokker, Ank de Jong, Even Bøthun, Are Morten Follevåg, Henny Vågane (lærar/ass.), Helga Karlsen (lærar/ass.), Miriam Torillsdatter Harbo (lærar/ass.) og Torbjørg Aasen. Kontormed-arbeidar: Tove Vadøy. Ho har no slutta og frå nyttår har Henny Vågane teke over denne stillinga. Reinhalar: Synnøve Krogenes. Når det gjeld musikkundervisning, har skulen kjøpt tenester hjå Kulturskulen i Askvoll. Magne Follevåg har hatt godtgjersle for noko vaktmeisterarbeid. I tillegg har fleire vikarar arbeidd ved skulen i kortare og lengre tidsrom.

Styret har vore: Gaute Losnegård (leiar), Nina Rivedal, Jørgen Wiik, Ann Linn Ekeland (foreldrerepresentant) og Mona Rivedal (foreldrerepresentant). Vara: Ann Kristin Ask Torsheim og Odd Jarle Øvreås. Representant for pedagogisk personale i styret: Ank de Jong. Representant for anna personale: Tove Vadøy. Valnemnd: Monica Kjørvik og Terje Mork. Styret har hatt 6 møte i løpet av året.

Elevtalet var 43 ved årsskiftet 2010/11. Om hausten gjekk det ut 4 elevar, mens det tok til 7 førsteklassingar, slik at elevtalet auka til 46. Det blei søkt om å få utvide maksimalt elevtal til 50, og dette vart godkjent av Utdanningsdirektoratet i løpet av våren.

Skulen har vore delt i to slik at 1.-3. klasse utgjorde gruppe 1 og 4.-7. klasse i gruppe 2. Skulen har gjeve tilbod om leksehjelp, og hatt SFO-ordning to ettermiddagar i veka og ni dagar i sommarferien.

Læringsplattforma It's learning har blitt kjøpt inn for å bli teken i bruk i løpet av 2012. Styret har elles sendt nestleiar på kurs i kvalitetssikringssystem saman med kontormedarbeidar. Dette systemet er no web-basert og er teke i bruk som av styret som verkty for kvalitetssikring.

Leiar deltok som delegat på landsmøtet for Norsk Montessoriforbund i Steinkjer saman med Ank de Jong frå personalet. Det blei sendt innspel vedrørande fag- og timefordelinga i montessorilæreplanen, og landsmøtet gjorde ut i frå dette vedtak om å ikkje godta ei slik fordeling. Leiar har også, saman med rektor, delteke på ei samling for private skular på Flesland, i regi av Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen i Hordaland.

Askvoll kommune ved formannskapet vedtok 3. november å selje grunnen til Holmedal montessoriskule, men etter at styreleiar tok kontakt med rådmannen ser det ut til at dette blei trekt tilbake. Årsaka er at ein del ting enno ikkje er avklara, til dømes eig kommunen bygget enno.

Av større investeringar i bygget som har blitt utført kan nemnast utskifting av vindauge i gymsalen og oppgang til andre etasje, dessutan utskifting av fleire dører, bl. a. hovudytterdøra i nyeskulen og branndør på nordsida. Dessutan er det sett inn nytt veggklosett og det er laga til eit ekstra nytt toalett i det gamle bøttekottet under trappa. Det er også utført arbeid med å få drenert vekk vatn frå nedgangen mellom bygga og frå hoppegropene. Skader på det nye taket på mellombygget er blitt reparert. Styret har vidare vurdert å få sett opp eit nytt lagerbygg på nordsida av gamleskulen. Denne saka vil vi komme tilbake til.

Det var planlagt ein tur for lærarane til Stockholm, men denne blei avlyst på grunn av kansellert flyavgang. I juni var det skuletur for alle til Svanøy med ei overnatting.

Skulen har elles arrangert open dag og julemarknad slik som tidlegare år.

For styret ved Holmedal montessoriskule

Gaute Losnegård, leiar